

Museumsløft 2017. Fordeling våren 2017. (Saknr: 2017/8481)

Søkjær	Søknads- sum NOK	Tilråding NOK	Grunngjeving - fylkesrådmannens kommentar	Prosjektnamn (type søknad)	Tiltaks- område	Om prosjektet (ifølgje søkjær) - fornying - utfordring	Totale utgifter NOK
1. Stiftelsen Bymuseet i Bergen	220 000	220 000	Temaet var sentralt i evaluering av museumsreforma. Fylkesrådmannen vurderer at prosjektet kan ha overføringsverdi til dei andre musea i fylket.	Revisjon av driftsavtalar - Juridisk kompetanse. (Museet søker aleine)	Tiltaks- område A	Bymuseet er i gong med revisjon av dei gamle driftsavtalane som vart til i samband med konsolideringsprosessen for 10-15 år sidan. Dagens avtalar byrjar å bli utdaterte og dårlege styringsdokument. Ein viktig suksessfaktor for ein framtidig god drift og for å unngå konflikhtar, er å kvalitetssikre avtalane juridisk. Dette er ein spesialistkompetanse museet ikkje har, og som heller ikke fylkeskommunen eller Bergen kommune har spesialkompetanse på. Museet har ikkje eigne midlar til dette. Ved å tildele museet midlar til å kjøpe denne kompetansen vil museet kunne få gode avtalar og kompetanse med høg overføringsverdi til dei øvrige musea i fylket. Museet søker aleine.	220 000
2. Museums- senteret i Hordaland, avd. Bevaringste nestene	322 000	0	Fekk i fjor tildelt 350 000 til prosjektet. Statusrapporten syner at framdrifta ikkje har vore som planlagt. Fylkesrådmannen vurderer at prosjektet må svare på dei utfordringane som vert skissert i politisk sak PS 144/2016, før ny løyving vert vurdert.	Nytt fellesmagasin for musea i Hordaland, vidareføring av søknad frå 2016. (Felles-søknad)	Tiltaks- område A og D	Arbeidet med å greie ut nytt fellesmagasin er godt i gang. Det er peika på seks utfordringar som arbeidsgruppa for prosjektet må ta stilling til: 1. Publikumsmagasin, 2. Magasin for kommunale og/eller private samlingar, 3. Konserveringstenester, 4. Dagens fellesmagasin, 5. Dei lokale museumsmagasina, 6. Handtering av ulike stoff og tekniske løysingar for insektsanering. Ei grundig utgreiing er ein føresetnad for å vite korleis ein vil bygge for framtida for å løyse dei store utfordringane musea har innan bevaring av samlingane. Søknaden er ei vidareføring av søknaden frå 2016 kor det vart innvilga 350 000 kr av den totale søknadssummen på 700 000 kr.	700 000

Museumsløft 2017. Fordeling våren 2017. (Saknr: 2017/8481)

Søkjær	Søknads- sum NOK	Tilråding NOK	Grunngjeving - fylkesrådmannens kommentar	Prosjektnamn (type søknad)	Tiltaks- område	Om prosjektet (ifølgje søkjær) - fornying - utfordring	Totale utgifter NOK
3. Museums- senteret i Hordaland, avd. Bevaringste nestene	400 000	200 000	Bevaringstenestene har tidlegare fått løyving til mobilt varmekammer frå museumsplanmidlar. Til dette arbeidet treng ein konservatorkompetanse på staden. Fylkesrådmannen vurderer at slik kompetanse trengs, men føreset at andre behov for uttesting vert dekkja av allereie løyvde midlar.	Innkjøring og utprøving av mobilt varmekammer (Felles-søknad)	Tiltaks- område D	Det er avgjerande at ein konservator er til stade for å vurdere kva gjenstandar som toler varmebehandlinga og korleis dei skal plasserast i kammeret. Det trengs og ei utprøving av om kammeret fungerer som det skal, både når det gjeld transport og lokal tilkopling til straum og vatn, men sjølvstøtt også at det gir den klimamessige effekten det skal. Dette må gjerast i eit samarbeid mellom produsent og konservator.	900 000
4. Museums- senteret i Hordaland, avd. Norsk Trikotasjem useum	400 000	50 000	Fylkesrådmannen ser at temaet industriarv er viktig. Fylkesrådmannen rår til at museet får ei løyving som gjev dei i stand til å utarbeide prosjektideen i samarbeid med andre museum som har industriarv som ansvarsområde.	Utvikling av tematisk ansvarsmuseum for industriarven. (Museet søker aleine)	Tiltaks- område B	Musea sitt arbeid med industriminndokumentasjon i fylket vil bli styrka faglig og metodisk. Ein meir systematisk oversikt over industriminna og industrielle kulturmiljø i fylket vil gi betre reiskap i forvaltninga av (eksisterande og komande) industriminna i fylket. Eit regionalt perspektiv vil også kunne løfte formidlinga av industrihistoria til fylket ved å gi dei enkelte industriminna og industrielle kulturmiljø ein breiare historisk kontekst.	400 000
5. Stiftelsen Bymuseet i Bergen	250 000	0	Etter retningslinjer for "Museumsløft 2017" kan museet kun søkje om eit prosjekt aleine. Bymuseet har sendt inn to søknader, og fylkesrådmannen har vurdert at søknad om juridisk bistand er i tråd med evalueringa av museumsordninga og eit viktig løft for museet til å kome vidare.	Avfukting - Museumsbygg /magasin. (Museet søker aleine)	Tiltaks- område D	Forsvarlig ivaretagelse av museumsbygg og gjenstander er en viktig del av museets samlingsforvaltning. Innstalling av avfukter i 2 museumsbygg og hovedmagasin øker kvaliteten på vår samlingsforvaltning og er dermed fornying. Vi ønsker å innstallere avfuktere i to museumsbygg i Gamle Bergen; Frydenlund og Krohnstedet. Bygningene og interiør er en svært verdifull del av samlingen. Avfukting vil medføre et mer stabilt og kontrollerbart klima som vil gavne både bygg og gjenstander. For å sikre et godt klima for magasinerte gjenstander ønsker vi å innstallere avfukter også i vårt nye hovedmagasin. Sammen med tidligere investeringer vil dette medføre at vi har et hovedmagasin av høy kvalitet.	250 000

Museumsløft 2017. Fordeling våren 2017. (Saknr: 2017/8481)

Søkjær	Søknads- sum NOK	Tilråding NOK	Grunngjeving - fylkesrådmannens kommentar	Prosjektnamn (type søknad)	Tiltaks- område	Om prosjektet (ifølgje søkjær) - fornying - utfordring	Totale utgifter NOK
6. Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	150 000	150 000	Fylkesrådmannen vurderer at prosjektet har høg kvalitet og at det er viktig at større delar av fotosamlinga vert tilgjengeleg for publikum. Fylkesrådmannen ber om at museet vurderer om utstyret kan nyttast av andre museum i fylket.	Digitalisering og tilgjengeliggjøring av Bergens Sjøfartsmuseums fotosamling. (Museet søker aleine)	Tiltaks- område A	Museet trenger digitaliseringsutstyr til å skanne fotografiene i riktig oppløsning og i rett lagringsformat, og søker derfor om museumsløftmidler til innkjøp av en A3 Flatbed skanner og til syrefritt pakkemateriale. Vi har i løpet av 2016-17 laget gode rutiner for digitalisering og formidling av gjenstander på digitaltmuseum.no. Vi vil også starte et innsamlingsprosjekt av mannskapsfoto fra årene 1970-2000, knyttet til forskningsprosjektet "Bergen og Sjøfarten bind VI".	890 000
7. Sunnhordland museum	380 000	380 000	Fylkesrådmannen viser til politisk sak i vår, PS 39/2017. Museet viser gjennom prosjektet at det vil utvikle samarbeidsmodellar med frivillige aktørar innan den maritim industrihistoria, Ein har arbeidd strukturert med dette, mellom anna gjennom kartleggingsarbeid i samlingsplanen til musea og i møte med lokale aktørar.	Nettverk maritim historie - museumssamarbeid med lokale aktørar. (Museet søker aleine)	Tiltaks- område A	Som regionmuseum skal me spegla heile Sunnhordland i aktivitetane våre. Då trengst god dialog med aktørar i alle kommunane. Med ansvar for maritim industrihistorie må me tydeleggjera roller og styrka samarbeidet i regionen. Me skal utvikla ei ny teneste på museets nettsider. Her kan aktørar som arbeider med det same enklare finna kvarandre. Det vil òg synleggjera den breie innsatsen som blir gjort for å fremja den maritime historia. Me skal etablere eit nettverk for maritimt samlings- og formidlingsarbeid, gjennomføra fellesaktivitetar og tilby nye samarbeidsformer. Det skal òg bidra til å styrka omdømmet vårt som profesjonelt ansvarsmuseum i regionen.	455 000

Museumsløft 2017. Fordeling våren 2017. (Saknr: 2017/8481)

Søkjær	Søknads- sum NOK	Tilråding NOK	Grunngjeving - fylkesrådmannens kommentar	Prosjektnamn (type søknad)	Tiltaks- område	Om prosjektet (ifølgje søkjær) - fornying - utfordring	Totale utgifter NOK
8. Stiftelsen Museum Vest	200 000	0	Fylkesrådmannen vurderer at museet ikkje vert tilrådd midlar frå museumsløftet, då det vert tilrådd 200 000 frå KUP-midlane for hausten 2017.	Museumsløft - en digital fellesløsning for museum-skole samarbeid. (Museet søker aleine)	Tiltaks- område A	Museumsløften vil fornye hvordan museene når lærere ved å tilby et samlet sted for alle museenes skoletilbud og tydeliggjøre skolefaglig relevans. Museumsløften skal også legge tilrette for digital formidling rettet mot elever. Museene jobber i dag hver for seg med å promotere sine skoletilbud. Våre tilbud er i stor grad rettet mot kompetansemålene i ulike skolefag. For at lærerne skal kunne velge de tilbudene som passer inn i skolens egne fagplaner/årshjul for de ulike trinn/fag bør museumstilbudene samles på ett nettsted, med enkle filtersøk som gjør planleggingsarbeidet for lærerne enkelt og funksjonelt. Dette mener vi vil øke skolebesøkene og få flere museer kjent for nye lærere, også på tvers av kommunegrensene.	1 950 000
9. Nynorsk kultur- sentrum	240 000	150 000	Fylkesrådmannen ynskjer ei utgreiing for forskning av samlingar og bruk av hus med fokus på nynorsk skriftkultur og rår difor til at prosjektmidlar vert nytta til dette, slik at Økland-huset vert ein av fleire "case".	Økland-huset: eit forprosjekt for ny modell for forvaltning og drift av kunstnarheimar. (Museet søker i lag med Sunnhordland museum)	Tiltaks- område B	Forfatter Einar Øklands unike samlingar er av stor kulturhistorisk verdi. Hauge-senteret og Sunnhordland museum vil utgreie nye samarbeidsmodellar for forskning på samlingar og bruk av hus. Det er unikt at kunstnaren sjølv deltek i ein slik prosess. Bruk og forvaltning av kunstnarheimar blir sjeldan drøfta medan kunstnaren framleis er aktiv. Økland-samlingane inneheld mykje som ikkje finst i nokon andre samlingar i Noreg. Å opne samlingane kan få fram ny kunst og kunnskap og opne for ny formidling, særleg om nynorsk skriftkultur i alle former og format.	390 000

Museumsløft 2017. Fordeling våren 2017. (Saknr: 2017/8481)

Søkjær	Søknads- sum NOK	Tilråding NOK	Grunngjeving - fylkesrådmannens kommentar	Prosjektnamn (type søknad)	Tiltaks- område	Om prosjektet (ifølgje søkjær) - fornying - utfordring	Totale utgifter NOK
10. Den Weis-Rosen-kronske Stiftelse	200 000	185 000	Baroniet i Rosendal har vist målretta satsing innan sine fagfelt, noko museumsevalueringa også viser til. Fylkesrådmannen rår til at Baroniet får midlar til digital historisk utstilling.	Ny digital historisk utstilling med utgangspunkt i ny forskningsplan pkt 7. (Museet søker aleine)	Tiltaks- område A	Museet har investert 47 mill i nye drifts-og formidlingslokaler de siste par år. Målet nå er på ulike måter å fylle de nye lokalene og anleggene med faglig innhold som kan formidles til nye publikumsgrupper. Museet strir med særsl dårlig driftsøkonomi og har vanskeligheter innanfor de gitte driftsrammer å produsere nye utstillinger. Målet er å kunne ha de nye lokalene åpne for publikum i åpningstiden til museet i hele turistsesongen og til skoler og andre interesserte også utenom den hektiske sommeren.	350 000
11. Norsk Vasskraft-og industristad museum	325 000	325 000	Fylkesrådmannen vurderer at prosjekt synleggjere kor viktig Odda smelteverk har vore i nasjonal og interernasjonalt samanheng. Fylkesrådmannen vurderer difor at prosjektet bør støttast. Det styrkjer museet som tematisk ansvarsmuseum for kraftkrevjande industri.	Bildespelet Industripionerane. (Museet søker aleine)	Tiltaks- område A og B	Industrihistoria NVIM arbeider med har ofte fokus på bygg og anlegg, teknologi, økonomi, mindre på personane som dreiv fram utviklinga. Industripionerane rettar på dette. Spelet går tett inn på essensielle gründerar, og vert eit nyskapande tilbod. Tiltaket starta med eit forprosjekt i 2013. Det har drege ut å få ferdigstilt hovudprosjektet - biletspelet Industrieventyret. Museet har heile vegen arbeidd iherdig med finansieringa, og må framleis nytta mykje ressursar på dette. Det er svært viktig at me får på plass fullfinansiering, slik at spelet kan fullførast og tilbodet kan presenterast for publikum. Utan fullfinansiering vil me måtta ofra engelsk og tysk versjon, og det er uheldig.	1 505 000

Museumsløft 2017. Fordeling våren 2017. (Saksnr: 2017/8481)

Søkjær	Søknads- sum NOK	Tilråding NOK	Grunngjeving - fylkesrådmannens kommentar	Prosjektnamn (type søknad)	Tiltaks- område	Om prosjektet (ifølgje søkjær) - fornying - utfordring	Totale utgifter NOK
12. Museums- senteret i Hordaland	340 000	340 000	Hordaland er rik på tradisjonar knytt til folkekultur og handverk. Desse representerer store kulturelle verdiar og kunnskap, og i fleire tilfeller er dei på veg til å gå tapt, særleg gjeld dette den tekstile kulturarven. Fylkesrådmannen vurderer at dette prosjektet er viktig, då det kan sikre vidareføring av kompetanse, bevare identitet og sikre kunnskap om kvalitet og prosess.	Utvikle samarbeidsmodell for musea i Hordaland for å sikre og vidareføre den tekstile kunnskapsarven. (Museet søker i lag med Hardanger og Voss museum og Sunnhordland museum)	Tiltaks- område A, B og D	Prosjektet vil vera eit samarbeidsprosjekt med fokus på den praktiske immaterielle tekstile kulturarven knytt til museumssamlingane. Dette vil føra til auka kunnskap hos museumstilsette og skapa fornying gjennom fokus på dette gjenstandsmaterialet. Prosjektet er del av strategien for å ivareta immateriell kulturarv og spesielt kunnskapsarven knytt til den handverksmessige tekstilframstillinga og tradisjonelle ressursforvaltninga. Det manglar i dag fellesfunksjonar i form av tekstilhandverkar og eit kunnskapsnettverk av ressurspersonar innan tekstilfeltet ved musea. Fellesfunksjonen skal først og fremst bidra til å koordinere og sjå samlingane i samanheng. Slik må ein sjå tiltaket som ei oppfølging av Samlingsforvaltningsplan for musea i Hordaland.	456 000
	3 427 000	2 000 000					8 466 000